



Kommunane i Møre og Romsdal
Helse Møre og Romsdal HF
Brukarorganisasjonane i Møre og Romsdal

Invitasjon til inspirasjons- og erfaringskonferanse om habilitering av barn og unge med funksjonshemming og deira familie, den 6. og 7. desember 2012 i Molde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal arrangerer inspirasjons- og erfaringskonferanse om habilitering av barn og unge med funksjonshemming og deira familie. I konferansen vil det bli lagt særleg vekt på korleis få til koordinerte og tilpassa tenester ut frå brukar sitt behov. Konferansen arrangerast i samarbeid med Helsedirektoratet, Helse Midt-Norge RHF, Helse Møre og Romsdal HF og Norsk forbund for utviklingshemma (Nfu).

Målet er gjennom å dele erfaringar frå arbeidet med funksjonshemma barn og deira familiar å inspirere til betre, koordinerte og tilpassa tenester. Vi vil presentere erfaringar frå «Prosjekt Familieveiviseren» og andre relevante prosjekter, gje tolkingar av regelverk og bidra til betre og felles forståing av kva habilitering er og korleis vi kan legge til rette for gode tenester.

Målgruppe:

- Leiarar med ansvar for tenester til barn med spesielle behov og deira familiar
- Tilsette i kommunar og i spesialisthelsetenesta som arbeider i høve til barn med spesielle behov og deira familiar
- Brukarrepresentantar

Stad: Quality Hotel Alexandra, Molde.

Praktiske opplysningar:

Bindande påmelding innan **22.november 2012**. Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, www.fmmr.no, under lenka «kurs og konferansar» i venstremargen.

Helsedirektoratet støttar konferansen økonomisk, og vi kan difor tilby konferanse med overnatting for dei med lang reiseveg, lunsj og middag utan kostnad for deltakarane. Den enkelte må sjølv dekke utgifter til reise. Påmeldte som ikkje møter, vil etter konferansen bli kravd for kostnader jf. påmeldinga.

Spørsmål om påmelding kan rettast til Kjellaug Flusund Finnøy på e-post: kjellaug.finnoy@fmmr.no eller telefon 71 25 80 67.

Spørsmål om konferansen kan rettast til Janne Bjørnøys på e-post: janne.bjorsnos@fmmr.no, telefon nr.:71258536 eller Sverre Veiset på e-post: sverre.veiset@fmmr.no, telefon nr.: 71258631

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)
Seksjonssjef

Janne Bjørnøys

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

vedlegg: Program for konferanse 6. og 7. desember 2012